

Kjerneområde landbruk

Sykylven kommune

Rapporten med kart er politisk behandla i Nærings- og utviklingsutvalet
i møte 23.01.2008, sak 04/08. Sjå vetak på neste side.



Vedtak i sak 04/08:

Nærings- og utviklingskomiteen (NU) viser til sitt vedtak i sak 83/06 der dei peika ut ei arbeidsgruppe som skulle registrere Kjerneområde landbruk i Sykkylven og vise desse områda på kart.

NU har studert medfølgjande arbeidsrapport.

NU vil bruke kartet og rapporten i framtidig arbeid med arealplanar – både oversiktsplanar og detaljplanar. Likeeins i vil dei gjere seg nytte av kartet i einskildsaker om dispensasjon frå ein gjeldande plan.

NU vil leggje stor vekt på om eit areal ligg innanfor eller utanfor Kjerneområde landbruk i si samla arealforvaltning i kommunen.

Innhald

1. Samandrag
2. Innleiing
3. Organisering
4. Landbruket i Sykkylven
5. Metodar
6. Resultat
7. Sluttdiskusjon og konklusjon

Samandrag

Landbruks- og matdepartementet og Møre og Romsdal fylke har oppmoda kommunane i fylket å utarbeide kart som viser Kjerneområde landbruk:

- Område som er godt eigna til matproduksjon
- Verdfulle kulturlandskapsområde i landbruket

Nærings- og utviklingskomiteen i Sykkylven har gjort vedtak om dette arbeidet skulle gjerast og peika ut ei arbeidsgruppe som skulle stå føre .

Arbeidet skulle gjerast i samsvar med ein rettleiar, utarbeidd av LMD.

Arbeidsgruppa har gjort nokre lokale presiseringar for produksjonsareala:

- Arealet må tilsvare dei areala som er godt egna til vanleg grovfôrproduksjon. Dette kravet fell stort sett saman med kravet til dyrka jord kl A i Økonomik Kartverk.
- Samanhengande areal må vere større enn 100 da. Med samanhengande areal forstår ein areal, som vurdert på eit vanleg markslagskart eller ortofoto i målestokk rundt 1: 20 000, synest å vere ei samanhengande flate. Vegar, steingardar, mindre vassdrag, reiner og landskapsdrag med skog og buskar, skal ikkje rekna som del av eit areal som elles heng saman. Heller ikkje gardsbygningar av ymse slag. Derimot vil annan busettad med eit visst omfang dele eit område frå det andre. Dyrkaareal med skog i mellom der innbyrdes avstand er over 50 m, vert heller ikkje rekna som samanhengande. Større vassdrag er stundom også rekna å vere logiske delelinjer, men ikkje alltid.

For kulturlandskapsområda vart det nytta "romslegare" skjøn kombinert med tidlegare registreingar av slike område.

Til slutt vart dei to kriteria vurdert, med innbyrdes vekting og samla, for å peike ut og avgrense dei endelege framlegga til Kjerneområda for landbruk i kommunen. Det vart lagt stort vekt på eigenskapen som produksjonsareal. Nokre tilleggskriterium vart også trekt inn for sume område.

Detaljvurdering vart oppsett i tabellform

Innleiing

Sykylven kommune er lokalt landbruksmynde med ansvar for mellom anna arealforvaltning etter jordlova. Etter at dei overtok dei lokale landbrukskontora i 1994 har stadig meir av avgjerdene vorte delegert til kommunane og dette gjeld no dei aller fleste aktuelle sakene som t.d. enkeltsaker etter dei reglane i jordlova som gjeld omdisponering av dyrka og dyrkbar jord og deling av landbruksseigedom.

Lokal vurdering er ønskjeleg, men forvaltninga skal ligge innanfor dei rammene som storting og regjering gjev instruks om i lov, forskrift og retningsliner.

Det er liten tvil i at tal fråddelings- og omdisponeringssaker der det er gitt løyve, har auka i Sykylven etter at avgjerdsmynde vart overført frå fylke til kommune.

Landbruks- og matdepartementet(LMD) har invitert kommunane i landet til ny innsats for å sikre viktige ressursar av dyrka mark og kulturlandskap, med langsiktig tenking og medvitn haldning i samband med forvaltning og bruk av landbruksareala. LMD lanserer omgrepet Kjerneområde landbruk som ein viktig reiskap i den nye satsinga og har utarbeidd ein skriftleg rettleiar for kommunane. Med kjerneområde landbruk meiner dei:

- Område som er godt eigna til matproduksjon
- Verdfulle kulturlanskapsområde i landbruket

Kjerneområde landbruk skal kunne visast på kart i høveleg målestokk for eit oversiktskart, t.d 1:50 000. Registrering og kartproduksjon skal følgje eit standard opplegg for heile landet, men rettleiaren er likevel såpass vag at der er rom for lokal tolking og tilpasning.

LMD peikar på at det dei siste 50 åra er over 1 million da med dyrka og dyrkbar jord omdisponert til anna bruk. Over 20 000 da dyrka og dyrkbar jord vert no omdisponert årleg .

Berre kring 3% av landarealet i Noreg er jordbruksareal og sjølv om vi bur sær romsleg i høve til totalarealet , har bur vi faktisk i eit av verdast tettast folkesette land, sett i høve til areal med dyrka og dyrbar jord. Det vil kort og godt seie at i tider då det av ein eller annan grunn er vanskeleg å få tilført mat utanfrå, vert det smått med næringstilgangen til oss, sjølv om vi har fisk i havet å lite på. Historia viser at slike tider har vi faktisk hatt.

LMD har som nasjonalt mål å:

- Halvere årleg omdisponering dyrka og dyrkbar jord innan 2010
- Sikre berekraftig ressursforvaltning med å bevare og vedlikehalde kulturlandskapet

Det er dei styrande organ i kommunane som kvar på sin stad må vere med på å oppfylle dette samla målet.

Møre og Romsdal fylke har oppmoda kommunane om å starte opp arbeidet med Kjerneområde landbruk og dei skipa til ei fagsamling om emnet i oktober 2006. Tre tilsette ved Tekniske tenester i Sykylven kommune deltok på denne.

Nærings- og utviklingskomiteen(NU) gjorde i møte 13.12.2006, sak 83/06, vedtak om at det skulle gjennomførast ei registrering av Kjerneområde landbruk. Arbeidet skulle gjerast i samsvar med rettleiaren som er utarbeidd av LMD.

Registrerings- prioriteringarbeidet og skulle gjerast av ei gruppe samansett av representantar frå faglaga, NU og kommuneadministrasjonen. Det skulle vere ferdig fyrste halvår 2007.

Vurdering av gruppa sitt framlegg til kjerneområde landbruk skulle gjerast i samanheng med rullering av kommunneplan for Sykkylven.

Dette fell saman med det som er sagt i rettleiaren frå LMD om at registrering og dokumentering av dei areala som er omfatta av Kjerneområde landbruk skal vere viktig i all anna arealforvaltning både i plansaker og einskildsaker.

Organisering

I NU sitt vedtak vart det også bestemt kven som skulle ta del i arbeidsgruppa:

- Ein representant frå Sykkylven Bondelag (Leif Inge Grebstad)
- Ein representant frå Sykkylven Bonde- og småbrukarlag (Liv Nordli Hole)
- To represntantar frå NU (Anita Kjersheim og Stig Tore Midtgård)
- Ein representant frå Tekniske tenester -landbruk (Henrik Schmidt)

Stig Tore Midtgård har av ymse grunnar diverre ikkje hatt høve til å delta i gruppearbeidet.

I tillegg var det naturleg at Njell Inge Hoftun og Arne Settemsdal har delteke då dei arbeider med rullering av høvesvis kommuneplan og kommunedelplan for sentrumsområdet.

Det vart laga ein framdriftsplan med sikte på ha på plass eit fyrste konkrete framlegg til kjerneområde landbruk frå gruppa innan utgangen av mai.

Gruppa har basert arbeidet sitt på dei hjelpe midla ein har funne fram og funne relevante:

- Skriftleg retleiar frå LMD
- Nokre ferdige og halvferdige døme frå andre kommunar
- Vedteken landbruksplan – strategisk del
- Førebels arealdel – landbruksplan (digitalisert)
- DMK (Digitalt markslagskart) og ortofoto
- Lokal del av nasjonal registrering av viktig kulturlandskap
- Eksisterande kommuneplan 1989 og fleire kommunedelplanar
- Tettstadprosjektet

Fleire andre kommunar har vist til mellom anna arealressurskartet, AR 50, frå Skog og landskap. Dette er ikkje ferdig for Sykkylven, men vi har eit rimeleg bra førebels DMK som må kunne tene i lag med dei andre hjelpe midla. Det må også nemnast at AR 250 har nokre av dei same opplysningane, men rimeleg vis med grovere avgrensingar.

Landbruket i Sykkylven

Her tek ein med berre nokre av dei mest sentrale fakta i runde tal:

- Landbrukseigedomar i aktiv drift – knapt 100
- Jordbrusareal – 14500 da, mest alt nytt til grovfôrproduksjon, litt bær og krossakorn.
- Matprodukt:
 - Mjølk – 2,1 million liter
 - Kjøt - 215 tonn
- Anna
 - Eit gartneri - blomster
 - Noko tømmer og ved

For fleire opplysningar vert vist til Landbruksplan – strategisk del, sjølv om desse er nokre år gamle.

Metode

I det vesentlege er registreringsmetoden henta frå veilederen, men med lokal tilpasning:

1. Registrering av verdfulle areal til matproduksjon
2. Registrering av verdfulle areal med kulturlandskap, forma av landbruk
3. Samla sluttvurdering av dei to registrerte arealtypane med endeleg avgrensing av Kjerneområde landbruk utifrå heilskap og nokre tilleggskriterium.

Krav til registrering etter pkt 1:

Det er fokusert på areal som er eller kan nyttast til matproduksjon. Jord, klima, terrenghøyde, storleik og arrondering på jordstykka, vil vere viktige faktorar for kvaliteten på areala som produksjonsgrunnlag i jordbruket. Til liks med mange andre kommunar i nabolaget har vi ikkje jordsmonnkart for Sykkylven, men vi veit at jorda for det meste er godt eigna til m. a. grasproduksjon. Sidan klimaet stort set grenser for omfanget av mange andre produksjonar (som matkornproduksjon og varmekrevande frukt-, bær- og grønsakproduksjonar), synest det logisk å nytte terrenghutforming (hallingsgrad) og krav til storleik og arrondering av samanhengande jordbruksareal som kriterium når ein skal skilje mellom viktige og mindre viktige produksjonsareal.

Konkret har gruppa drøfta seg fram til slike krav:

- Arealet må tilsvare dei areala som er godt eigna til vanleg grovfôrproduksjon. Dette kravet fell stort sett saman med kravet til dyrka jord kl A i ØK.
- Samanhengande areal må vere større enn 100 da. Med samanhengande areal forstår ein areal, som vurdert på eit vanleg markslagskart kart eller ortofoto i målestokk rundt 1: 20 000, synest å vere ei samanhengande flate. Vegar, steingardar, mindre vassdrag, reiner og landskapsdrag med skog og buskar, skal ikkje reknast å dele opp eit areal som elles heng saman. Heller ikkje gardsbygningar av ymse slag. Derimot vil annan busetnad med eit visst omfang

dele eit område frå det andre. Dyrkaareal med skog i mellom der innbyrdes avstand er over 50 m, vert heller ikkje rekna som samanhengande. Større vassdrag er stundom også rekna som logiske delelinjer, men ikkje alltid.

Med det skjønnet som ligg i sjølve definisjonane ovanfor, synest denne regisreingsmetoden å vere rimeleg objektiv.

Registreringsteknikken som vert nytta er redigitalisering av dei areala som vert rekna som godt eigna til førproduksjon i førebels arealdel i landbruksplanen og deretter samla til samanhengande figurar som forklart ovanfor.



Krav til registrering etter punkt 2:

Her er tidlegare registreringar som er gjort for vår kommune sparsame, med unntak av det som er gjort i det såkalla "Tettstadprosjektet" der det var gjort inngående studiar og vurderingar av sjølve sentrum og nærområdet.

I samband med eit landsomfattande prosjekt for å registrere verdfulle kulturlandskap, vart det tidleg på 1990 talet registrert opplysningar om nokre område av ei lokal samarbeidsgruppe. Elles har ein SEFRAK registreringa for kommunen frå noko tidlegare.

For denne arealkategorien er det også større vanskar med å kome fram til objektive kriterium for å peike ut områda. Det kan ofte vere relativ bra semje om kvaliteten på ein skildelement i landskapet. Desse er gjerne registrerte av arkeologiske styresmakter eller t.d.i SEFRAK registeret. Verre er det når ein skal prøve å peike ut dei større områda med "vakkert" kulturlandskap. Her kjem det utan tvil an på "augene som ser".

Det vil vere brei semje, langt utover lokal ståstad, at Sykkylven har eit mektig og svært vakkert landskap frå naturen si side. Kanskje er naturen her mellom det aller vakraste vi har i landet.

Med kulturlandskapet forstår vi det landskapet som vår eigen aktivitet fram gjennom historia har skapt med grunnlag i denne naturen.

Sidan naturen her er så storstøtt og samstundes i stor grad lite tilgjengeleg, kan desse spora etter oss virke puslete og uskuldigige. Sjølv gigantiske kraftlinjer og andre inngrep, som er mogleg med moderne teknologi, kan synest akseptable innimellom Sunnmørsalpane, når ein berre har dei på litt høveleg avstand. Likevel reagerer folk lokalt unisont når slike anlegg vert presenterte, fordi vi instinktivt forstår at vårt perspektiv ofte vert eit heilt anna enn det planleggarane syner oss i fotomotasjane sine. Dei kjem oss i mange situasjonar nærmere inn på livet.

Det er også i det nære landskapet vi sjølve driv med våre små og litt større aktivitetar at vi stort sett ferdast og skal trivast. Det er ikkje likgyldig korleis vi steller oss her, sjølv om det fjernare bakteppet er aldri så storstøtt og imponerande - ikkje for oss som skal bu her og ikkje for dei vi inviterar som gjestar til bygda.

Landbruksnæringa har påverka kulturlandskapet i relativt stort omfang på godt og vondt i lang tid, sett i vanleg historisk perspektiv, og pregar dette på ein heller dominerande måte slik vi ser det i dag. I moderne tid har næringa i aukande grad fått mange konkurrentar også i så måte, særleg i og ikring byar og tettstader, mindre i meir grisgrendte strok.

Det kulturlandskapet som landbruket har skapt, er i svært mange sine auger stort sett bra, med få negative sider. Nyare tids driftsmåtar og byggeskikk kan nok likevel skape utfordringar.

Oppgåva til arbeidsgruppa er å peike på dei store og små områda i kommunen som vi mente er viktige nok, som landbrukspåverka landskap, til at at dei som skal forvalte desse verdiane bør ta særleg omsyn.

For dei store samanhengande områda er det utvalt vil det vere heilskapen i biletet som dominar, men sjølv sagt vil innhaldet av positive, negative element , då også av andre aktivitetar enn landbruk virke på avgrensinga av desse områda.

Mindre område kan vere med dersom vi har funne dei viktige nok og sterkt nok knytt til landbruk. Det var t.d. semje om at alle sætrar som var tydelege nok og særleg der dei framleis var knytt til utnytting av utmarksbeite, skulle markerast.



Sluttvurdering

Dei områda som er registrerte på grunnlag i dei to kategoriane ovanfor vart til slutt samordna og avgrensa som einsarta figurar på kartet. Ofte vil kvaliteten som produksjonsressurs og landskapsverdi begge finnast innanfor resultatområda i varierande høve. Der det eine er heilt dominerande kan denne åleine vere grunnlag som Kjerneområde.

Som for andre kommunar må ein gjere merksam på at viktige ressursar som beiteområde i utmark og skogressursar ikkje kjem med i registreringa når ein brukar denne oppskrifta. Potensielt produksjonsareal – dyrkbar jord - er heller ikkje rekna som sjølvstendig grunnlag for kjerneområde.

I tillegg til samordninga har gruppa i denne sluttfasen tatt inn nokre andre moment som i varierande grad har påverka om eit areal har kome med som Kjerneområde landbruk. Det vert nemnt:

- Fornuftig form storleik på områda (t.d. vil areal med dyrkbar jord kunne leggjast til og avrunde "tagga" utforming av dyrkaareal)
- Aktiv landbruksdrift i dag (gjev kanskje eigarane si eiga totalvurdering av areala)
- Positive og negative element som ikkje er kytt direkte til landbruk
 - Naturkvalitetar og biologisk mangfald(+)
 - Friluftsaktivitetar
 - Særleg der sambruk med landbruk er aktuell(+)
 - Kulturminne knytt til anna enn landbruk
 - Frå gamal og nyare tid(+)
 - Aktivitet anna enn landbruk i dag
 - "Øyar" av anna utbygging utover tolegrense(-)
 - Tilknytta næringsverksemder, foredling, turisme,..(+)
 - Planstatus i dag
 - Berre der planane er i ferd med å verte realiserte(-)

Det må også nemnast at det ikkje ligg typiske taktiske vurderingar i utpeiking og avgrensing av kjerneområda. Karta er utan eigedomsgrenser og eigedomsstrukturen innanfor dei utpeika områda, er det sett heilt bort frå. Vurdering av om det burde vore tatt særleg omsyn til styrking av busetnaden i delar av kommunen, er også heilt fråverande. Likeeins om der andre stader er særleg viktige private interesser eller samfunnsinteresser, som uansett vil vege tyngre enn jordvern og landskapsvern, når avgjører om arealbruk skal takast.

Gruppa meiner at dette hører inn under anna arealplanlegging, særleg i den samordnade Kommuneplan – arealdel, som mellom anna har juridisk verknad.

Resultat

Viktigaste sluttresulatet er kartet som viser dei prioriterte områda.

Eit kart som viser dei to deltema er grunnlaget for dei prioriterte områda

Dessutan ein tabell med kort grunngjeving for kvart område

Sluttdiskusjon og konklusjon


Etter innleiande drøftingar kombinert med studiar av kart og dokument frå andre kommunar som har gjennomført oppgåva med å peike ut Kjerneområde landbruk, vart etterkvart nokre problemstillingar grundigare drøfta og noko sprik mellom medlemene kunne sporast:

- Kva med ressursar av dyrkbar jord?
 - Nokre i gruppa meinte at ein i mange område måtte inkludere ei god "bufferson" utanom dei registrerte produksjons og kulturlandskapsområda. Særleg romslege burde desse vere der som det fanst store samanhengande areal med dyrkbar jord direkte som framhald til eksisterande dyrkamark. I landbruksplan – strategisk del – er det nemnt at Sykkylven kanskje har så mykje som 7–8000 da av tenleg dyrkbar jord. At også den dyrkbare jorda er ein viktig ressurs, er heilt klart jf at den sentrale målsettinga med prosjektet jamstiller dyrka og dyrkbar jord med omsyn på å redusere omdisponeringa.
 - Gruppa drøfta seg fram til at vi skulle konsentrere seg om dei beste dyrka areala, med kulturlandskapsvurderinga som støtte for utpeiking av Kjerneområda. Dermed meinte gruppa at dei utpeika områda skulle få større tyngde i anna planarbeid og arealforvaltning generelt.
- Taktiske vurderingar?
 - Det kom fram i gruppa at ein kanskje burde trekkje ut ein del område som oppfylde dei meir objektive krava som Kjerneområde der ein visste at utbyggingspresset var særleg stort. Tanken var at med å ofre nokre område, kunne ein oppnå betre vern for resten, grenselinene mellom arala innanfor og utanfor Kjerneområda kunne gjerast meir bastante.
 - Konklusjonen vart at det ein med slike vurderingar tok eit steg inn i ein prosess som høyrer heime i neste steg i arealplanlegginga – utarbeiding av dei samordna og overordna arealplanane for kommunen.
- Om bruk av Kjerneområde i framtidig arealforvaltning.
 - Arbeidsgruppa håper at kartillustrasjonen av **kvar** Kjerneområda i landbruket finnест i Sykkylven, skal vise dei som tek del i areal planlegging og anna arealforvaltning at
 - der er relativt omfattande areal med god dyrkajord og viktige kulturlandskap innanfor dei områda der ein gjerne også vil plassere andre viktige samfunnsaktivitetar med store aralkrav
 - det også finnест alternative areal utanfor kjerneområda når andre mange andre arealkrav skal stettast

- Med drøftinga av **kva** omgrepet Kjerneområde landbruk står for, håper gruppa at dei same skal verte meir medvitne om verdiane av landbruksareala

- Arbeidsgruppa forventar at det arbeidet som er lagt ned i prosjektet, vert brukt i vidare planarbeid og arealforvaltning
 - ikkje slik at **alt** areal innanfor kjerneområda vert vurdert som absolutt freda
 - men at landbruksinteressene og landskapsverdiane vert lagt større vekt **på innanfor** desse områda enn utanfor, i alle avvegingar om arealbruk
 - og at **alternative** løysingar vert utgreidd og grundig vurdert når viktige samfunnsinteresser synest å krevje omdisponering av areal innanfor kjerneområda
 - og vidare at både planarbeid og særleg dispensasjonspraksis vert monaleg innskjerpa i høve til noverande praksis
- Målet til arbeidsgruppa er ikkje å hindre anna samfunnsgagnleg utvikling, men å sikre landbruksnæringa trygge og langsiktige rammevilkår med omsyn til eitt av dei viktigaste produksjonsgrunnlag – **dyrka jord**.

Vedlegg 1 Hovud-kart




SYKKYLVEN KOMMUNE



KJERNEOMRÅDE LANDBRUK

Vedlegg 2 Grunnlags-kart



GRUNNLAGSKART

- VIKTIGE PRODUKSJONSAREAL
- VIKTIGE KULTURLANDSKAP

Vedlegg 3 Grunngjeving

| NR | Område | Matproduksjon | Kulturlandskap | Samla vurdering |
|----|---|---|---|---|
| 1 | Fauske (Frå fjøre til fjell) | Held ikkje storleikskrav som produksjonsområde. | Fint kulturlandskap med dyrkajord ned til fjøresteinane. Heng saman med grøntdrag opp mot Kambane, Hjellane. Dyrka plassar og bøter inni mellom. Nokre bygningar. | <u>Pluss:</u> Er sydvendt og solrikt. <u>Minus:</u> Ikkje sjølvstendig drift å rekne lenger. <u>Samla:</u> Det er omsynet til kulturlandskapet som vert avgjerande for å ta med dette området |
| 2 | Aure-Andestad (Grebstdalen) | Fire ulike produksjonsområde m/samanhengande areal > 100da: Aure/Grebstad/Eidem: 920 Nymarka: 170 Haugset/Kjemphol: 510 Aurdal: 220 Mykje flat og lettdriven jord Areal for bærproduksjon | Fleire store og små område med stor heilsaksverdi kombinert med mange enkeltelement Jf landskapsanalyse og konklusjon i tettstadprosjektet. Reg./utplukka av lokal samarbeidsgruppe 1993 Det opne jordbrukslandskapet er eit viktig sær preg | <u>Pluss:</u> Mange gamle og nyare kulturminne. Noko dyrkingsjord (Aurelia). Fint forma naturlandskap m/elvar og vatn. Aktiv drift på ein god del av bruken, sjøl om det også finnест mange småbruk der drifta er nedlagt. Arkeologiske funn. <u>Minus:</u> "Øy" med bustader på Grebstdalflata. Auremarkane omdisponert i KDP for Aure sentrum – truleg nær utbygging <u>Samla :</u> "Øya" på Grebstad og Auremarkane ikkje kvalifiserte til å vere med, sjølv om dei enno er ein viktig del av landskapsbiletet. |
| 3 | Grebstsadsætra/Nedsætra/Aurdalssætra | Nedsætra sør: 120 da samanhengande produksjonsareal | Grebstsadsætra reg/utplukka av lokal gruppe 1993. Også Aurdalsstølen, Nedsætra med kolvingsbrua er kulturelement | <u>Pluss:</u> Mjølkeproduksjon på moderne sæter, kombinert med typisk sætrar i eldre stil. Interesse for vern og kanskje tilleggsnæring. Fleire mindre dyrka flater saman med kulturelementa gjer det naturleg å utvide området over til |

| | | | | |
|---|---|--|--|--|
| | | | Aurdalsstølen. <u>Minus:</u> Litt påvirking "annan" fritidsbusetnad. Produksjonsareale er enno litt prega av at dei er nydyrka med noko dreneringsproblem. <u>Samla:</u> | |
| 4 | Auresætra/Eidemssætra | | | |
| | Auresætra: 390 da samanhengande produksjonsareal | To stølar med lang tradisjon og fleire kulturelement | <u>Pluss:</u> Mjølkeproduksjon på moderne sæter kombinert med gamalt sæterlandskap. Bra heilskap. Interesse for vern og næringsmessig utnytting. Også til friluftsaktivitetar for ålmenta. <u>Minus:</u> Litt påverka av anna fritidsbusetnad. Nødvendig med litt "hardhendt" oppretting/senking (naturinngrep) av elva i samband med nydyrking. Dyrkaareala enno litt "unge" som produksjonsareal. <u>Samla:</u> Kombinasjonen av stort dyrkaareal og kultur gjev grei avgrensing. | |
| 5 | Blindheim | | | |
| | Øvre Blindheim: 125 da samanhengande produksjonsareal | Det er også Øvre Blindheim som er utplukka som typisk landbrukspåverka, ope kulturlandskap. Nedre Blindheim med sine flate avsetningar og gamal kulturjord vert også trek med. | <u>Pluss:</u> Gode "randareal" attåt området som held mål som sjølvstendig samanhengande flate, dette er gode, lettdrivne flater på Nedre Blindheim (noko bærproduksjon) og dyrkingsjord/fleire mindre dyrka flater i nærutmarka. Aktiv drift på to mjølkeproduksjonsbruk og to sauebruk. <u>Minus:</u> Heller mange spreitt frådelte tomter i tillegg til | |

| | | | |
|---|--|---|---|
| | | | <p>dei meir samla bustadfelta påverkar både produksjonsvilkåra og landskapet. Sjølv om den litt eldre busetnaden stort sett er lagt rimelig bra i terrenge på dei minst produktive areala, virkar den likevel oppdelande på jordbruksareala.</p> <p><u>Samla konklusjon:</u> Naturleg å inkludere både Nedre Blindheim og dyrkamarka saman med dyrkbar jord i den nærmeste utmarka.</p> <p>Dyrkingspotensiala framom den fremste dyrkamarka, vert ikkje teke med.</p> <p>Kulturlandskapsperla og friområdet – "Syverholmen" vert ikkje inkludert.</p> |
| 6 | Tandstad | | |
| | Produksjonsområde, samanhengande : 110 da | Fint fjordlandskapsområde med dyrka mark heilt ned til fjøra. Det er naturleg å ta med dei brattare areala inn mot Straumgjerde. | <p><u>Pluss:</u> Dei brattare dyrkaareala styrker samla landskapsbilete.</p> <p><u>Minus:</u> Svak drift innanfor området. Ein del tungdriv, bratt areal</p> <p><u>Samla konklusjon:</u> Areal mellom fjord og fjell avgjer og gjev avgrensinga saman med tettare utbyggiging inn mot Straungjerde.</p> |
| 7 | Nedre Velledalen | | |
| | To samanhengande flater med produksjonsjord > 100 da: Fet: 225 da, Dravlaus/Velle: 825 da | Dei store samanhengande opne jordbruksareala kvalifiserar også som kluturlandskapsområde. Mange kulturelement innanfor området. Ein del av områda sør for elva også naturleg å ta med. | <p><u>Pluss:</u> Dimensjonen på areala. Store flate areal. Brukt til kornproduksjon (krossing). Bruk med aktiv drift: nokolunde bra.</p> <p><u>Minus:</u> Litt høg grunnvasstand, gjev vanskelege dreneringstilhøve og fåre for tidvis overfløyming av dei mest utsette områda.</p> |

| | | | | |
|---|------------------------|--|---|---|
| | | | <u>Samla konklusjon:</u> Konklusjonen vart at heilskapen i kulturlandskapet medverkar til å ta med dyrkaareala også på sørsida av elva med litt avrundingsareal . | |
| 8 | Øvre Velledalen | Omfattar fire samanhengande produksjonsareal over 100 da: Brunstad –utanfor elva : 260, Brunstad – frammanfor elva: 390, Hole: 260, Hjortdal/Brøvoll: 180, Lade: 195 | Stort samanhengande areal med opne jordbruksareal i ein flat dalbotn mellom mektige fjell. Naturleg å ta med også dyrkamarka på Drotninghaug og innmarksbeite i dette kulturlandskapsområde. Fleire kulturelement (m.a. gamal bygning og gamal kulturmark på Reiten-Drotninghaug og kolvingsbru på Brunstad) | <u>Pluss:</u> Dei ymse delområda ligg så nær at dei visuelt gjev eit samla inntrykk. Bruk med aktiv drift i området nokolunde, men likevel i fare. <u>Minus:</u> Arrondering og terrenget ikkje like bra innanfor alle delområda (Hjortdal/Brøvoll og Hole) <u>Samla konklusjon:</u> Heilskapen i landskapsbiletet gjev ein rimeleg klar avgrensing av området. |
| 9 | Ladalen/Nysætra | Ikkje produksjonsareal med kvalifiserande storleik | Innanfor det viste kulturlandskapsområdet er det fem stølar som kommunen har funne grunn til å regulere til Spesialområde – verna stølar i Reguleringsplanen for Nysætærområdet. På to av desse stølane er det aktiv sætring med mjølkeproduksjon. Møre og Romsdal fylke heidra i 2005 brukarane av desse sætrane med kuturlandskapsprisen. Det er sjølve stølane som viser mest att i landskapet, men det er meiningslaust å ikkje ha med beiteområda i sætremarka også i kulturlandskapsområdet. Desse er grunnlaget for sæterdrifta. | <u>Pluss:</u> Att sætring med mjølkeproduksjon var tatt opp att i dette området på tradisjonelt vis med beiting i utmark skil seg klart frå den andre modellen som har vore vanlegare både her i kommunen og elles i vår del av landet: oppdyrkning av fellesbeite med mjølkeproduksjon. Oppretthaldning av den eldre modellen vert av mange vurdert som eit ekstra pluss. Det knyter seg interesse for utviklin av m.a. nye reiselivsprodukt til slik "ekte" sæterdrift på gamal lest. I gjeldande reguleringsplan er store område regulert til landbruk, nettopp utifrå verdien som naturleg |

| | | | |
|----|--|---|---|
| | | | <p>beitemark.</p> <p><u>Minus:</u></p> <p>Nemnde reguleringsplan omfattar også store hytteområde. I tidlegare plan var desse utforma med tanke på beiting også mellom hyttene. Området har vorte stadig meir populært. I mange av hytteområda har fortettinga nok vorte så sterkt at dei kanskje burde vore tatt ut av kjerneområdet.</p> <p><u>Samla konklusjon:</u></p> <p>Området kring Nysætervatnet vert tatt med som eit stort samanhengande kulturlandskapsområde som er viktig for å oppretthalde tradisjonell sætredrift i kommunen. Tettbygde hytteområde og komersielle område vert trekte ut.</p> |
| 10 | Straumsheim/(Straume) | | |
| | Produksjonsareal, samanhengande:130 da | Utsynet fra Straume mot Andersgarden på Straumsheim er døme på eit svært fint landbrukspåverka landskapsbilete. Det verkar naturleg å utvide dette mot vassmiljøet ved nedste enden av Fetvatnet og Straumen og ta med dyrkamarka og innmarksbeita på Straume også. | <p><u>Pluss:</u></p> <p>Kulturlandskapsverdien vert forsterka av eit fint naturgrunnlag med lanskapsformer, elv og vatn.</p> <p><u>Minus:</u></p> <p>Samanhengande produksjonsareal held minstegrensa, men marginen er ikkje stor. Nokre innhogg med uttak av grus innanfor og rett utanfor området, dreg førebels litt ned på kulturverdien.</p> <p><u>Samla konklusjon:</u></p> <p>Området vert trekt over vatnet og inkluderer Straume utifrå heilheita i kulturlandskapet. Også nærområda i vest til det beste produksjonsarealet er</p> |

| | | | |
|----|--|--|---|
| | | | tatt med slik at det omfattar litt nydyrka areal med vanskelege dreneringstilhøve og nokre innmarksbeite. Med vidare tilstelling av grustak, kan også biletet sett frå nord verte bra. |
| 11 | Riksheim/Erstad | | |
| | To samanhengande produksjonsareal: Riksheim: 150 da, Riksheim/Erstad: 140 da | Ikkje markert som kulturlandskapsområde. (Litt vanskeleg å grunngi kvifor ikkje. Her også finnест element frå natur og kultur som Riksheimselva, kolvingsbru o.a. i tillegg til fine dyrkaflater og nokre brattare dyrkaareal.) | <p><u>Pluss:</u> Mykje av dei registrerte produksjonsareala er svært flate og fine. Sjølv om Riksheimelva er det ikkje problematisk å trekkje dei saman til eitt kjerneområde. Noko dyrkingsjord dersom dreneringsspørsmål vert tilfredsstillande løyste. Bruk i aktiv drift: Nokolunde bra.</p> <p><u>Minus:</u> Området er noko påverka av råstoffutvinning – sand og fjell. Desse aktivitetane skal vere mellombelse, men restressursane, etter at planlagt masse er teken ut, er vesentlege slik at nye planar kan kome. Litt sparsomt med kveldssol</p> <p><u>Samla konklusjon:</u> Har avrunda forma på området slik at det omfattar ein del dyrka mark som ikkje er rekna med i registrerte produksjonsareal, ein del innmarksbeite og ein del av masseuttaket som skal førast tilbake til jordbruksareal etter uttak.</p> |
| 12 | Stave/Sætre | | |
| | Stave/Sætre samanhengande produksjonsareal: 140 da | Ikkje registrert som spesielt kulturlandskapsområde, men sjølvsagt ikkje fri for slike kvaliter i form av den registrerte dyrkjorda, med brattare dyrkjord og innmarksbeite inn i | <p><u>Pluss:</u> Området skal ha vore rekna for eit godt og årsikkert kornareal i tidlegare tider (gardssoga). Enno er det mellom dei områda der slåtten kjem fyrst i gang,</p> |

| | | | | |
|----|------------------------------|---|---|---|
| | | mellom. | kanskje på grunn av mykje morgonssol. <u>Minus:</u> Den flataste jorda hallar også ein del, den er noko tung med vanskelege haustetilhøve i vått ver. <u>Samla konklusjon:</u> Sjølv om det her er produksjonsarealet som kvalifiserer til Kjerneområde, vert anna dyrkamark og beite inkludert som utfylling av området. | |
| 13 | Blakstad | Produksjonsareal : 100 da | Fyrst og fremst registrert som eit særegne kulturlandskap. Dette inkluderar også ein del beitemark og eit mindre regulert bustadområde då det er landskapsformene og heilskapen som tel mest. Området er registrert og utplukka av lokal samarbeidsgruppe i 1993. | |
| 14 | Hatlemark/Svartebekk/ | Hatlemark/Svartebekk produksjonsareal: 190 da | Ikkje registrert som viktig kulturlandskap, men har sjølv sagt dei generelle landskapskvalitetane som jordbruksareal gjev. Drøfta om Areala kring TU-vatnet burde vere med som kulturlanskapsområde og koblast saman med dei registrerte produksjonsareaala på Hatlemark/Svartebekk. | <u>Pluss:</u> Fint, sjønært kulturlandskap med både svært gamle og nyare kulturminne. <u>Minus:</u> Svak drift. Fare for attgroing for ein del av dyrkamarka. Aktiv drift berre på eitt bruk. Nokre masseuttak i seinare tid dreg heilskapen noko ned. <u>Samla konklusjon:</u> Viktig nok kulturlandskap til at området vert med sjølv om produksjonsarealet berre så vidt held mål i omfang og kvalitet. |

| | | | | |
|----|---------------------------------------|---|--|--|
| | | | <p>bruka på Hatlemark var mellom dei store mjølkeproduksjonsbruka i kommunen. No er det drift(kjøtprod) berre på det eine. Framtida for mjølkeproduksjonen på Svartebekk er uviss. Bruka på TU kunne ha vore rekna som kulturlandskapsområde med fin plassering i Høve til vatnet, men svak drift trekkjer også ned her. Det er naturen som får ta æra for at området framleis totalt sett er fint.</p> <p>Kjerneområdet vert avgrensa til dei gode produksjonsareala med litt utfyllande mellomrom.</p> | |
| 15 | (Hovden) | | | |
| | Ikkje kvalifiserande produksjonsareal | Litt spesielt med plassering høgt og fritt over fjordlandskapet. Spørsmål om dette er nok til å kvalifisere arealet åleine. | <u>Samla konklusjon:</u> Vert ikkje rekna med som Kjerneområde | |
| 16 | Midtgård/Utgård/Myrset | | | |
| | Midtgård/Utgård/Myrset: 320 da | Ikkje registrert som spesielt verdfullt kulturlandskapsområde, men har sjølvsagt normale kvalitetar som jordbruksareal ved fjorden. | <u>Pluss:</u> Rimeleg stort samanhengande produksjonsareal på dei tre gardane. Svært store tilgrensande areal med dyrkjord, men mykje av den er verna myr som nok også er utfordrande å drenere om det skulle verte tillatt i framtida. <u>Minus:</u> Drifta er svært svak i området, med berre eit bruk i aktiv drift (på Midtgård) med sauehald. Ikkje alt det registrerte dyrkaarealet er like lettdrive, sjølv om det held dei definerte krava. Det er i dei siste åra gitt løyve til frådeling av einskild tomter midt inne i | |

| | | | |
|----|-------------------------|--|--|
| | | | <p>produksjonsområda og også godkjent reguleringsplanar til bustadbygging innanfor desse.</p> <p><u>Samla konklusjon:</u></p> <p>Det meste av produksjonsarealet, med litt utfylling vert under tvil rekna som Kjerneområde, det er areala på Midtgård(med eitt bruk i drift) som dreg opp.</p> |
| 13 | Ramstaddal | | <p>To samanhengande produksjonsareal: Klok/Melset : 315 da Ramstad/S vindset/Krogen/Løset: 270 da</p> <p>Ramstadkaia og dei bratte men særeigne delvis dyrka bakkane på Ramstad er mellom anna registrert som eitt av ni utvalde kulturlandskapsområde av lokal samarbeidsgruppe i 1993. Saman med dei flatare produksjonsareaala vert heile dalføret vurdert som eit verdig landbruksprega kulturlandskap</p> <p><u>Pluss:</u> Heilsakspreget med varierande type landbruksareal. Noko tilflytting av ungdom og kombinasjon tyder på at dei likar landskapet og bygda</p> <p><u>Minus:</u> Svak drift. Åtte bruk med varierande storleik med aktiv drift, berre eitt med mjølkeproduksjon med mindre omfang og uviss framtid. Ein del av dei bratte areaala står i fare for å gro att.</p> <p><u>Samla konklusjon:</u> Brukbare produksjonsareal og dei nemnde landskapsverdiane gjer at bygda fortener å reknast som Kjerneområde.</p> |
| 14 | Løvoll/(Løset,Furneset) | | <p>Eitt samanhengande produksjonsareal : 190 da. (Det meste på Løvoll)</p> <p>Bakkane på Løset medverkar til at at Løvol/Løset og kanskje også Furneset i kombinasjon med dei to vatna kan vurderast som kulturlandskapsområde</p> <p><u>Pluss:</u> Særleg Løvoll må reknast som eit rimeleg solid produksjonsområde med to hovudbruk.</p> <p><u>Minus:</u> Ein del av dei areaala som er rekna inn i totalt produksjonsarealet därleg arrondert og tungdrivne. Noko av den flataste og lavliggande dyrkamarka er utsett for frostskafe sume år.</p> <p><u>Samla konklusjon:</u> Det meste av jordbruksarealet i</p> |

| | | | |
|----|----------------------------|---|---|
| | | | alle fall på Løvoll og Løset må kunne reknast som Kjerneområde. |
| 15 | (Søvik Nedre/Øvre) | | |
| | Ikkje kvalifiserande areal | Registrert og eitt av ni utplukka kulturlandskapsområde av lokal gruppe i 1993 | <p><u>Pluss:</u> Fint landskap opp frå sjøen. Fleire verneverdige bygningar av ymse slag.</p> <p><u>Minus:</u> Svært svak drift. Ingen aktive bruk lenger. Ein del av dyrkaareala er i ferd med å gro att. Også ein del av kulturminna elles går etter kvart tapt.</p> <p><u>Samla konklusjon:</u> Kulturpreget er kanskje i fyrste rekke knytt til Strandstaden. Sjølv om landbruksdrifta var sterkt integrert i landskapet vert ikkje det landbruksrelaterte lenger vurdert som tungt nok til å gi status som Kjerneområde.</p> |
| 16 | (Furstranda) | | |
| | Ikkje kvalifiserande areal | Høgt verdsett strandline med særeigne kvalitetar. Registrert og utvald mellom ni andre verdfulle landskap av lokal gruppe i 1993. | <p><u>Samla konklusjon:</u> Sjølv om kulturlandskapet absolutt er landbrukspåverka, vert ikkje dette åleine vurdert som nok til å rekne dette fråflytta området som Kjerneområde.</p> |
| 17 | | | |
| 18 | | | |
| 19 | | | |
| | | | |
| | | | |